

INVITASJON  
Operahuset  
3. sept.



# Bli med! **Innbyggjar treff!**

Vis fram din frivillige organisasjon på Innbyggjartreffet i Operahuset Nordfjord laurdag 3. september kl. 14.00 – 16.00! Møt politikarar, kommuneadministrasjon, næringsaktørar og ikkje minst potensielle nye medlemmar! Delta også på ALLEMED dugnaden og hjelp oss med viktige innspel til korleis vi skal sikre at alle barn og unge i Stad får moglegheit til å delta i organisert fritidsaktivitet!

## Program

kl. 10.00 – 12.30 ALLEMED dugnad (sjå eigen info s 2.)

kl. 12.30 Lunsj for deltakarane på ALLEMED-dugnad

kl. 13.00 – 14.00 Rigging av stand til Innbyggjartreffet

**kl. 14.00 Opning av innbyggjartreffet – kulturinnslag**

Kl. 14.00 – 16.00 Møte frivillige organisasjonar i Stad og bli kjende med aktivitetane deira! Prøver du 10 aktivitetar/blir kjend med 10 organisasjonar kan du vere med i trekkinga av fine premiar.

kl. 15.00 Kulturinnslag og kakefest!

kl. 15.50 Dørene til kinosalen opnar

Kl. 16.00 Gratis kino (barnefilm)

Hjarteleg velkomen  
– [PÅMELDING HER!](#)

Frivillighetens år  
**2022**



Stad kommune

# Velkomne til

## ALLEMED-dugnad i Stad kommune!

11. august signerte regjeringa ein fornya versjon av fritidserklæringa.

**Fritidserklæringa** presiserer at alle barn, uavhengig av foreldrene sin sosiale og økonomiske situasjon, skal ha moglegheit til å delta jamleg i minst ein organisert fritidsaktivitet. No er tida for at vi også jobbar/styrkar arbeidet med Fritidserklæringa i Stad kommune!

Fritidserklæringa  [finn du her!](#)

Alle barn har rett til ein god oppvekst med ei meningsfull fritid, der dei får oppleve meistring og å tilhøyre eit fellesskap. Forsking og statistikk viser at mange barn ikkje deltek i organiserte fritidsaktivitetar på bakgrunn av ulike barrierar; økonomi kan vere ei årsak til fråfall i aktivitetstilbod.

Andelen barn og unge som veks opp i lavinntektsfamiliar er aukande. Slik er det også i Stad kommune, der 11.1 % / 202 barn og unge veks opp i familiar med vedvarande lavinntekt (SSB sine tal frå 2020).

- Vi inviterer til ein tverrfagleg dugnad mellom kommune, frivillige, andre aktivitetstilbydarar, ungdom og foreldre der vi saman brukar dialogverktøyet ALLEMED for å skape diskusjon, bevisstgjerung og å finne løysningar på korleis vi i fellesskap kan jobbe for å få alle barn og unge med i fritidsaktivitetar.

ALLEMED er eit dialogverktøy utvikla for å auke bevisstgjerung om tema fattigdom og utanforskap mellom barn og unge, og for å sikre inkluderande arbeid for å få alle med. Les mer på [www.allemed.no](http://www.allemed.no).

Som kommune er det vi som møter, ser og snakkar med alle barn, unge og deira familiar, og som kan oppdage barrierer for deltaking. Det er frivilligheia som er faktiske tilbydarnane av aktivitetane. Ved å jobbe saman på tvers, kan vi i fellesskap sikre at alle barn får oppfylt sin rett til leik og fritid.

ALLEMED-dugnaden vert gjennomført i Operahuset Nordfjord laurdag 3. september kl. 10.00 - 12.30. Det vert servert lunsj (pizza) til alle som deltek.

Etter dugnad å lunsj oppmodar vi alle frivillige organisasjonar i Stad kommune om å delta på Innbyggjartreffet i Operahuset frå kl. 14.00 - 16.00 med stand og aktivitetar. Der kan du vise fram din organisasjon/aktivitet for folk flest, altså potensielle nye medlemmer til laget, kommuneadministrasjon, lokalpolitikarar, næringsaktørar og mange fleire.

**Bli med, bli med!**

**Dato og tidspunkt: Laurdag 3. september kl. 10.00 - 12.30**

● [PÅMELDING HER!](#)



Stad kommune